



Bakgrunn for vedtak

Regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet

Kinn kommune i Vestland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Kinn kommune
Referanse	202102364-17
Dato	04.08.2023
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING	4
4	NVE SI VURDERING	6
5	NVE SIN KONKLUSJON	9
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	10
7	MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA	11
8	VEDLEGG	13

1 Samandrag

Kinn kommune si hovudvasskjelde til Florø by er Sagavatnet. Kinn kommune søker no om løyve til å bruke Keipevatnet som reservevasskjelde. Det er søkt om eit maksimalt vassuttak på 150 l/s og ei senking av Keipevatnet på inntil to meter. Deler av infrastrukturen skal byggast saman med Klauva kraftverk. NVE har behandla vassuttak, regulering og infrastruktur. For infrastruktur som er felles med Klauva kraftverk er vurderingane i konsesjonen til kraftverket lagt til grunn.

Statsforvaltaren legg til grunn at inngrepa skal avgrensast så langt som råd. Utover dette har dei ingen merknadar. **Fylkeskommunen** etterspør ei vurdering etter vassforskrifta og viser til at det må gjerast tiltak dersom aurebestanden i vatnet vert påverka. **Grunneigar Anne-Karin Kleiven Rynning** er positiv til tiltaket, men ønskjer at magasinet også skal brukast for å redusere flaumfare i vassdraget.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Keipevatnet skal berre nyttast når hovudvasskjelda Sagavatnet ikkje kan levere vatn. Det meste av infrastruktur skal byggast i lag med Klauva kraftverk. NVE har i vår vurdering lagt vekt på at det planlagde tiltaket vil sikre ei god reservevassforsyning til Florø vassverk sine abonnentar. Dei største ulempene med tiltaket vil etter NVE si vurdering vere inngrep i landskapet. Fordi reguleringa sjeldan vil verte nytta og anleggsvegen skal tilbakeførast til køyresterkt terreng meiner vi likevel at konsekvensane for landskap- og friluftsjakter vil vere akseptable. Dette er også sett i forhold til at føremålet med tiltaket er reservevassforsyning.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kinn kommune løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet til bruk som reservevasskjelde. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Kinn kommune, datert 20.10.2022:

«Kinn kommune ønskjer å nytte vatnet i Keipevatnet i Kinn kommune i Vestland fylke til reservevasskjelde for Florø vassverk, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- *å ta ut vatn frå Keipevatnet. Maksimalt uttak 150 l/s.*
- *å regulere Keipevatnet mellom LRV på kote 432 og HRV på kote 434*
- *å nytte vatnet i Keipevatnet som reservevasskjelde*

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket. Vi vil i denne samanheng også vise til at NVE har gitt konsesjon på bygging av Klauva kraftverk i det same vassdraget. Kraftverket skal ha inntak rett nedanfor utløpet av Keipevatnet, medan inntaket til vassleidninga skal vere på 25 meter djupne i Keipevatnet.

Vi vil også gjere merksam på at det i utgangspunktet er planlagt felles løysingar med kraftverket for vassvegtrasè (grøft-borhol) og anleggsvegar.»

2.1 Hovuddata for Keipevatnet som reservevassforsyning

TILSIG	Hovudalternativ		
Nedbørfelt	km ²	3	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	11,31	
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	119,6	
Middelvassføring	l/s	370,7	
Alminneleg lågvassføring	l/s	42,9	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	28,5	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	40,8	
VASSDRAGSANLEGGET			
Inntak	moh.	434	Nivå på Keipevatnet
Lengde på påverka elvestrekning	km	2,1	
Lengde på vassleidning	m	2100	
Tal på røyr som vassleidningen består av	stk	1	
Vassleidning, diameter	mm	400	
Total maksimal kapasitet på røyr	l/s	150	Maksimalt vassuttak
Maksimalt vassuttak	l/s	150	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	30	Frå inntaket til kraftverket
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	30	Frå inntaket til kraftverket
MAGASIN			
Magasinareal	km ³	0,33	Ved normalvasstand (kote 434)
Magasinvolum	mill. m ³	0,6	
HRV	moh.	434	Normalvasstand
LRV	moh.	432	

2.2 Om søkjar

Tiltakshavar er Kinn kommune.

2.3 Grunngeving for tiltaket

Kinn kommune har fått pålegg frå Mattilsynet om å etablere ei reservevasskjelde for Florø vassverk. Per i dag har kommunen berre ei råvasskjelde, noko som er sårbart dersom denne skulle falle ut.

Reservevassforsyninga skal primært dekke drikkevatn til alminneleg forbruk i situasjonar der det vert behov for det.

2.4 Skildring av området

Keipevatnet ligg i Kinn kommune nordaust for Florø. Det er ikkje busetnad oppe ved vatnet, men ved Klauvelva sitt utløp til Norddalsfjorden er det to bustadar og nokre hytter. Keipevatnet ligg på kote 434. Det er ikkje noko definert utløp frå vatnet fordi alt vatn renn gjennom ein morenerygg. Vatnet samlar seg etter kvart i Klauvelva som renn gjennom relativt bratt terreng mot fjorden.

Det er tidlegare gitt konsesjon til å bygge Klauva kraftverk i det same vassdraget. Ein er no i gang med å bygge tilkomstvegen til kraftverket.

2.5 Teknisk plan

2.5.1 Regulering

Det er planlagt å kunne senke vasstanden i Keipevatnet med inntil to meter frå normalvasstand på kote 434 til LRV på kote 432. Det skal ikkje byggast dam.

2.5.2 Inntak og vassveg

Inntaket er planlagt på 25 m djup i Keipevatnet. Inntaksarrangement skal plasserast ca. 2 m over botn. Frå inntaket vert leidninga ført langs botn og belasta med betonglodd. På siste delen inn mot land skal leidningen gravast ned. Røyrret går inn i inntakskum som vil ligge minimum 1 m under LRV for å unngå luft i leidningen.

Frå inntakskum skal røyrret leggst i grøft fram til inntaket på Klauva kraftverk. Her i frå vil det vere felles røyrtrasé med kraftverket fram til kraftstasjonen. Denne består av 600 m nedgrave røyr frå inntak og fram til borehol. Deretter ca. 270 m bora tunell og til slutt nedgrave røyr i ca. 300 m fram til kraftstasjonen. Frå kraftstasjonen skal drikkevassleidningen gravast ned fram til landtak for sjøleidning.

2.5.3 Veg

Det er planlagt ein anleggsveg i røyrtraséen frå kraftverksinntaket og opp til Keipevatnet. Denne er planlagt som ein mellombels anleggsveg og skal tilbakeførast til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig. I tillegg vil ein nytte veg som skal byggast i samband med kraftverket.

2.5.4 Arealbruk

Inngrep	Mellombels arealbehov	Permanent arealbehov	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	0 daa	0 daa	
Inntaksområde	0 daa	0 daa	
Vassleidning	21 daa	0 daa	800 m felles med kraftverkstrasè
Veg til borhol øvre, 1100 m	10 daa	7 daa	Felles med kraftverk
Veg frå borhol til inntak kraftverk, 600 m	5 daa	3,5 daa	Felles med kraftverk
Anleggsveg frå inntak kraftverk til Keipevatnet, 300 m	2 daa	0 daa	

2.6 Forholdet til offentlege planer

2.6.1 Kommuneplan

I kommuneplanen sin arealdel er området avsett som LNRF-areal.

2.6.2 EU sitt vassdirektiv

Vassdraget høyrer til Sunnfjord vassområde i Vestland vassregion. Det er ikkje registrert eigen vassførekomst for Keipevatnet, men Klauvelva, inkludert Keipevatnet, har felles vassførekomst-ID med Terdalselva og Storelva 085-129-R. Denne vassførekomsten er oppgitt å ha god økologisk tilstand.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 10.5.2023 saman med representantar for tiltakshavar, og grunneigar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren kjenner ikkje til spesielt viktige naturmiljø eller raudlisteartar som vil bli påverka av vassuttaket eller inngrep knytt til tiltaket. Dei viser til at vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet og ser det som ein fordel at denne utbygginga kan koordinerast med bygginga av Klauva kraftverk. Dei legg til grunn at inngrepa skal avgrensast så lang som råd, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp. Dei skriv at den øvste anleggsvegen bør tilbakestillaast til køyresterkt terreng, etter same vilkår som er sett for anleggsvegen til kraftverksinntaket.

Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda eller nyare kulturminne som kan verte påverka av tiltaket, men dei meiner det kan vere potensiale for slike og krev § 9 undersøkingar før tiltaket kan gjennomførast. Dei viser til at tiltaksområdet ligg innanfor eit svært viktig friluftslivsområde og at det difor er viktig å minimere landskapsinngrepa. Spesielt peikar dei på at anleggsvegen om mogleg må

gjerast smalare enn det som står i søknaden. Fylkeskommunen etterspør ei vurdering etter vassforskrifta. I dag er den økologiske tilstanden i Klauveelva vurdert til å vere «god». Dei viser til at det er aure i vatnet og at dersom denne skulle verte påverka må det gjerast tiltak for å oppretthalde bestanden i vatnet. Dei peiker også på at det er viktig å sjå denne saka i samanheng med at det er gjeve løyve til Klauva kraftverk i same vassdrag.

Anne-Karin Kleiven Rynning (grunneigar)

Anne-Karin Kleiven Rynning er grunneigar og fastbuande i Klauvene som ligg rett nedanfor og sør for Keipevatnet. Ho syns det er viktig at det vert gjeve løyve til regulering av vatnet for å oppnå flaumdempande effekt. Med aukande nedbør er faren for overfløyning av endemorena også større. Naturleg utrenning frå Keipevatnet går seint fordi der ikkje er ei opa elv ut. Vassnivået stig difor fort ved mykje nedbør/snøsmelting. Med auka vassnivå vert også trykket på moreneryggen større og faren for utrasing og flaumskadar aukar. Rynning ser det difor som viktig med ei moglegheit for å kunne regulere vatnet til eit nivå som hindrar overfløyning og fare for utrasing av endemorena som i dag fungerer som damstengsel. Ho viser også til at ho syns øvste del av vassleidninga forbi moreneryggen og inn i Keipevatnet slik den er teikna inn kjem for nær moreneryggen og nærområdet med fare for at massane i området kan bli ustabile og medføre utrasing/flaumfare.

Søkar kommenterte høyringsuttalane i e-post av 20.4.2023

1. Frå grunneigar Anne-Karin Kleiven Rynning, gbnr. 14/1

Grunneigar er positiv til regulering av Keipevatnet som omsøkt, men stiller spørsmål om trasè for vassleidning ved moreneryggen.

Endeleg trasè her er ikkje bestemt enno, men vil bli fastsett etter at vi har fått opplysningar om grunntilhøva her. Leidninga skal ikkje leggjast gjennom morenemassar i dammen, men i fjellgrøft ved sidan av dammen.

2. Frå Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren har ingen spesielle merknader til søknaden. Kommentaran i fråsegna er ivaretatt.

3. Frå Vestland Fylkeskommune

Kulturminne: Fylkeskommunen har opplyst at dei kan ikkje gje endeleg fråsegn før det er gjennomført ei arkeologisk registrering i området. Vi har vist til at dette er utført tidlegare i samband med konsesjonssøknad for Klauva kraftverk. Fylkeskommunen har i e-post av 19.04.2023 trekt tilbake dette kravet og konkludert med at det ikkje er registrert automatisk freda kulturminne i området. E-post frå Fylkeskommunen (inkl deira rapport om kulturhistoriske registreringar frå 2021) er vedlagt.

Friluftsliv: Det vil bli lagt til rette for at området framleis kan nyttast som friluftsområde. Inngrepa har liten eller ingen konsekvens for friluftsinnteresser.

Vassforvaltning: EU sitt vassdirektiv er omtalt under pkt. 2.5 i konsesjonssøknaden og også i søknaden til kraftverket. Vassforskrifta er ikkje spesielt nemnd i vår søknad og vi kan ikkje sjå at det er behov for ytterlegare utgreiingar i høve til uttak av vatn til reservevassforsyning.»

3.1 Tilleggsopplysningar

Som søkar skriv i sin kommentar til høyringsuttalar har fylkeskommunen i e-post av 19.4.2023 til tiltakshavar, trekt kravet om arkeologisk undersøking (§ 9-undersøkingar).

4 NVE si vurdering

NVE si behandling omfattar regulering, vassuttak, røyrgate og anleggsveg. Infrastruktur som er felles med Klauva kraftverk er vurdert i konsesjonen til kraftverket og vil ikkje bli ytterlegare diskutert her.

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Drikkevassanlegget nyttar eit nedbørfelt på 3 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 370 l/s. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 28,5 og 40,8 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 42,9 l/s. Det er planlagt eit maksimalt vassuttak på 150 l/s. Anlegget skal vere reservevasskjelde og berre nyttast når hovudvasskjelda Sagavatnet ikkje kan levere vatn. Det er kalkulert med eit konstant uttak på ca. 10 % (300 000 m³/år) av vassforbruket til Florø vassverk for å unngå stillestående vatn i systemet og som ein kontroll på at anlegget er klart til drift. Vidare er 500 000 m³ i søknaden oppgitt som eit forventta gjennomsnittleg årleg vassuttak. Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring frå Keipevatnet, men Klauva kraftverk har som vilkår i konsesjonen sin eit krav til å sleppe 30 l/s forbi inntaket.

NVE har ikkje kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden.

Keipevatnet har ikkje eit vanleg utløp, men avrenninga skjer gjennom ein morenerygg. Fordi ein her har avrenning i fleire nivå i moreneryggen vil vasstanden i Keipevatnet variere meir, og vassføringa nedstraums vatnet variere mindre, enn i eit vassdrag med eit definert utløp. At vatnet renn gjennom morena vil også gjere det vanskeleg å etablere noko form for minstevassføringsslepp ut i frå vatnet. Normalt vil det ikkje bli teke ut vatn frå Keipevatnet anna enn ei ubetydeleg mengde for å halde anlegget driftsklart. I ein normalsituasjon vil ein difor ikkje ha nemneverdig påverknad på vassdraget. Dersom hovudvasskjelda ikkje kan brukast vil det vere behov for å ta ut inntil 150 l/s og å kunne nytte eit magasin ved å senke vasstanden i vatnet med inntil to meter. Fordi Keipevatnet berre skal nyttast som reservevasskjelde meiner NVE at ein i stor grad vil ivareta den naturlege vassføringsdynamikken ut i frå Keipevatnet.

4.2 Naturmangfald

Det er ikkje utarbeidd rapport om biologisk mangfald i samband med planen om reservevassforsyning. I samband med konsesjonssøknaden om Klauva kraftverk vart det i 2012 utarbeidd ein rapport av Miljøfagleg Utredning AS, men denne inkluderte ikkje områda rundt Keipevatnet.

4.2.1 Naturtypar

Søknaden og søk i relevante databasar viser ikkje registreringar av viktige naturtypar i influensområdet til Keipevatnet. Heller ikkje Statsforvaltaren kjenner til viktige naturmiljø eller raudlisteartar som vil bli påverka av vassuttak eller inngrep knytt til tiltaket. Rapporten om biologisk mangfald frå 2012 trekk fram den vesle dammen rett nedstraums Keipevatnet som ein lokalitet med litt rikare flora enn det som er vanleg i området, samtidig som miljøet i seg sjølv (ustabil vasstand) er spesielt. På strekninga mellom Keipevatnet og inntaket til kraftverket renn Klauvelva i stor grad under bakken. Det er usikkert kor mykje vassuttaket vil ha å seie for vassføringa ut av vatnet sidan det ikkje er noko definert utløp. Det vatnet som renn ut djupt nede i moreneryggen vil framleis gjere det sjølv om vasstanden i vatnet vert senka. NVE kan ikkje sjå at eit vassuttak til reservevassforsyning vil vere avgjerande for naturverdiar knytt til Klauvelva. Det er søkt om å senke vasstanden i vatnet med inntil to meter. Ifølgje grunneigar er dette godt innanfor normal vasstandsvariasjon, då det er store svingingar i vasstanden i Keipevatnet. Låg vasstand vil kunne skje litt oftare enn naturleg, viss det er behov for å nytte reservevasskjelda i tørre periodar, men flora og fauna vil vere tilpassa denne variasjonen i vasstand.

4.2.2 Artar

Det er ikkje registrert raudlista artar i området. Det er registrert aure i vatnet. NVE kan ikkje sjå at aure skal bli påverka av det planlagde tiltaket.

4.2.3 Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport frå søknad om Klauva kraftverk, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 15.6.2023. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til Keipevatnet er det ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar. Det er aure i vatnet. Ei eventuell utbygging som planlagt vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå reservevassforsyninga i samanheng med anna påverknad på naturtypepane, artane og økosystemet. Det er starta bygging av Klauva kraftverk like nedstraums Keipevatnet. Det meste av infrastruktur til reservevassforsyninga skal vere felles med kraftverket. Dette gjer at ei senking av vasstand på inntil to meter, når det er behov for å bruke vasskjelda, og ein mellombels anleggsveg med røyrgate frå kraftverksinntaket og opp til vatnet vert det som kjem i tillegg til kraftverket. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Landskap og friluftsliv

Keipevatnet ligg i fjellandskap over skoggrensa. Klauvelva renn til dels bratt ned gjennom først skog og seinare kulturlandskap før den renn ut i sjøen ved Klauva. Heile vassdraget ligg sørvendt. Bildet nedanfor er tatt frå moreneryggen og viser Keipevatnet og ein mindre dam nedstraums.



I Naturbase er området inkludert i eit svært viktig friluftsområde kalla Grytadalen. Keipevatnet og øvste del av Klauvelva inngår i dette området. I nedre delar av elva følgjer friluftsområdet elva på austleg side. Det går sti opp til Keipevatnet på begge sider av elva. Den på austsida er merka og tydeleg i terrenget.

Ifølgje grunneigar varierer vasstanden i Keipevatnet mykje. Keipevatnet skal fungere som reservevasskjelde og difor berre brukast når hovudvasskjelda ikkje kan levere vatn. Dette betyr at ei senking av vasstand på to meter som følgje av vassuttak vil skje sjeldan og truleg berre dersom hovudvasskjelda er ute av drift over litt tid i ein tørr periode. NVE vurderer ut i frå dette at senking av vasstand ikkje vil påverke interesser knytt til landskap og friluftsliv.

I dag opplevast dalen der Klauvelva renn og nærområdet rundt Keipevatnet som urørt, men ein har vindkraftverket på Guleslettene i synsfeltet når ein kjem opp til vatnet. Det er også starta arbeid på tilkomstveg til Klauva kraftverk og det vil skje endringar i landskapet her den neste tida. I forhold til reservevassforsyninga vil den mest synlege endringa av landskapet vere etablering av røyrgate og anleggsveg opp til inntaket. Røyrgata og anleggsvegen skal trekkast opp i sida for å unngå moreneryggen mest mogleg. Traséen vil vise i landskapet for dei som kjem opp stien og dei som eventuelt kjem til Keipevatnet frå ein annan kant. Det er planlagt at anleggsvegen skal tilbakeførast til køyresterkt terreng, noko som Statsforvaltaren og fylkeskommunen også meiner er eit viktig avbøtande tiltak. Dette inngrepet vil difor verte mindre synleg over tid. Det planlagde tiltaket vil ikkje avgrense tilgangen til området, men områda rundt Keipevatnet vil av dei som brukar området til friluftsliv kunne opplevast som noko mindre urørt.

NVE meiner konsekvensane knytt til landskap og friluftsliv er akseptable sett opp mot at føremålet med tiltaket er reservevassforsyning til innbyggjarar i Kinn kommune.

4.4 Forholdet til Klauva kraftverk

Det er i stor grad planlagt felles infrastruktur med Klauva kraftverk. Dette er etter NVE sitt syn fornuftig og vil redusere verknaden av tiltaket. Det skal ikkje produserast kraft på vatnet som vert tatt ut til vassforsyning. Eit vassuttak til vassforsyning vil kunne redusere avrenninga til inntaket til kraftverket og dermed redusere produksjonen til kraftverket. I ein normalsituasjon vil vassverket berre ta ut om lag 10 % av vassforbruket ved Florø vassverk, oppgitt til 300 000 m³ i året (9,5 l/s ved jamt uttak). Dette utgjer 2,5 % av den totale avrenninga til kraftverksinntaket (tal er henta frå konsesjonssøknad om Klauva kraftverk). I søknaden er det også oppgitt at det er forventa eit gjennomsnittleg årleg vassuttak på 500 000 m³, noko som utgjer 4 % av årleg tilrenning. På grunn av at utløpet renn gjennom moreneryggen er det usikkert korleis dette uttaket vil påverke vassføringa ved inntaket til Klauva kraftverk. Truleg vil verknaden vere mindre enn om det var eit definert utløp. I periodar der det er behov for å ta ut maksimalt uttak frå Keipevatnet og viss dette i tillegg fell saman med ein varm periode slik at magasinet vert tappa ned mot LRV vil ein truleg påverke kraftverket meir

i forhold til at det vil renne mindre vatn gjennom moreneryggen. Fordi Keipevatnet berre skal nyttast til reservevassforsyning og dermed normalt sett ikkje vil vere i full drift meiner NVE at konsekvensane for allmenne interesser knytt til kraftproduksjon vil vere avgrensa. Fordi føremålet med tiltaket er reservevassforsyning meiner vi at eit avgrensa krafttap kan akseptast. Vi minner om at dette er noko som må regulast i privatrettslege avtalar mellom dei to partane.

4.5 Kulturminne

Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda eller nyare kulturminne som kan verte påverka av tiltaket. Dei bekreftar i e-post til tiltakshavar av 19.4.2023 at § 9-undersøking er utført i samband med Klauva kraftverk og at det ikkje er behov for nye. NVE kan ut i frå dette ikkje sjå at allmenne interesser knytt til kulturminne skal bli påverka av tiltaket.

4.6 Isforhold

Ei senking av vasstand på to meter kan føre til endra isforhold og utrygg is på Keipevatnet. NVE kjenner ikkje til at området er mykje brukt til friluftsliv om vinteren, men dersom det vert behov for å senke vasstanden når vatnet er islagt bør det skiltast om dette på staden.

4.7 Flaum og skred

Tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang og snøskred, men det er ikkje registrert skred i området. Ein grunneigar i området uttalar i sin høyringsuttale at ho er bekymra for stabiliteten til morena i utløpet av vatnet og fryktar kva som kan skje med denne viss vatnet fløymer over den. Ho ønskjer difor å kunne regulere Keipevatnet førebyggjande for å redusere flaum i vassdraget. NVE kjenner ikkje til at det er gjort undersøkingar av stabiliteten av morena. Kinn kommune har heller ikkje søkt om å nytte magasinet til flaumførebygging og det er difor ikkje ein del av vår behandling av søknaden.

NVE kan ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil påverke skred- eller flaumforhold i området.

4.8 Ferskvassressursar

I søknaden er det oppgitt at gardsbruka i Klauvene, nokre hytter og eit kaiområde har vassforsyning frå Klauvelva i dag. Det er også skrive i søknaden at vassforsyninga til desse skal sikrast både under anleggsperioden og permanent. Det skal leggjast til rette for uttak av vatn frå røyrgata.

4.9 Samfunnsmessige fordelar

Det planlagde tiltaket vil syte for reservevasskjelde til Florø vassverk sine abonnentar.

4.10 Oppsummering

Kinn kommune søker om løyve til å regulere og ta ut vatn frå Keipevatnet som reservevasskjelde til Florø vassverk. Vasskjelda skal berre nyttast når hovudvasskjelda ikkje kan levere vatn. Det meste av infrastruktur skal byggast i lag med Klauva kraftverk. NVE har i vår vurdering lagt vekt på at det planlagde tiltaket vil sikre ei god reservevassforsyning til Florø vassverk sine abonnentar. Dei største ulempene med tiltaket vil etter NVE si vurdering vere inngrep i landskapet. Fordi reguleringa sjeldan vil verte nytta og anleggsvegen skal tilbakeførast til køyresterkt terreng meiner vi likevel at konsekvensane for landskap- og friluftinteresser vil vere akseptable. Dette er også sett i forhold til at føremålet med tiltaket er reservevassforsyning.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kinn kommune løyve etter vassressurslova §

8 til regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet til bruk som reservevassforsyning. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av reservevassforsyning med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

7 Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Middelvassføring	l/s	370,7
Alminnelig lågvassføring	l/s	42,9
5-persentil sommar	l/s	28,5
5-persentil vinter	l/s	40,8
Største vassuttak	l/s	150
Vassuttak i normalsituasjon	m ³ /år	300 000

Reguleringsgrenser

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gitt av NVE:

	Normalvasstand (kote)	LRV (kote)	Senking (m)
Keipevatnet	434	432	2

Det skal ikkje byggast dam i Keipevatnet og magasinet skal regulerast som eit senkingsmagasin.

Det er ikkje sett krav til slepp av minstevassføring

Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring frå Keipevatnet. Sidan vatnet har utløp gjennom ein morenerygg er der ikkje ein definert stad å sleppe minstevassføring. På ein del av strekninga fram til inntaket til Klauva kraftverk renn vatnet i ura. I ein normalsituasjon vil ikkje det planlagde tiltaket påverke vassføring ut av vatnet. Ut i frå registrerte verdiar og allmenne interesser kan ikkje NVE sjå at det er behov for å stille vilkår om slepp av minstevassføring. Dette er også sett i forhold til tiltaket sitt avgrensa omfang. Klauva kraftverk har krav om å sleppe 30 l/s i minstevassføring heile året

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar regulering, vassuttak, røyrgate og anleggsveg.

Detaljerte planer skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Inntak skal etablerast på 25 m djupne i Keipevatnet. Inntaksleidningen vert ca. 130 m lang og går til ein inntakskum ved land. Første del av leidningen skal førast langs botn og belastast med betonglodd. På siste del inn mot
--------	--

	land skal leidningen gravast ned. Nøyaktig plassering avklarast gjennom detaljplan.
Vassveg	Frå inntakskum ved Keipevatnet skal røyret leggst i grøft fram til inntaket på Klauva kraftverk. Her i frå skal det vere felles røytrase med kraftverket fram til kraftstasjonen. Denne skal bestå av 600 m nedgrave røyr frå kraftverksinntaket og fram til borehol. Deretter skal det vere ca. 270 m bora tunell, og til slutt nedgrave røyr i ca. 300 m fram til kraftstasjonen. Frå kraftstasjonen skal drikkevassleidningen gravast ned fram til landtak for sjøleidning.
Veg	Det skal byggast anleggsveg i røytraseen frå kraftverksinntaket og opp til Keipevatnet. Dette skal vere ein mellombels anleggsveg som skal tilbakeførast til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig. I tillegg skal ein nytte veg som skal byggast i samband med Klauva kraftverk.
Anlegg som er felles med Klauva kraftverk	Infrastruktur som er felles med Klauva kraftverk skal byggast i samsvar med konsesjonen til kraftverket.
Største vassuttak	150 l/s er oppgitt i søknaden.
Gjennomsnittleg vassuttak	300 000 m ³ i året er oppgitt som kontinuerleg vassuttak for å halde anlegget driftsklart. 500 000 m ³ i året er oppgitt i søknaden som forventa gjennomsnittleg vassuttak i året.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

7.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

7.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

8 Vedlegg

Kart over planlagt utbygging.

